

# Holme bustadområde

## Alver kommune

### Renovasjonsteknisk plan

Dato: 04.05.2023

#### Nøkkelinformasjon:

**PlanID:** 1256 2016 0007

**Gnr/Bnr:** 137/70 mfl.

**Antal bueiningar:** 20 nye bueiningar

**Avfallsløysing:** Avfallsbeholdarar og plastsekkar

**Bustadtype:** To- og firemannsbustader

**Maksimal gangavstand:** Ca. 110 meter

**RTP revisjons nr.:** 01




# Innhold

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>GENERELL DEL</b> .....	<b>3</b>
2.1	HOVUDLØYSING FOR HANDTERING AV AVFALL .....	3
2.2	PLANDOKUMENTASJON/REGULERINGSPLAN .....	4
<b>3</b>	<b>TEKNISK DEL</b> .....	<b>5</b>
3.1	DIMENSJONERINGS- OG KAPASITETSBEREKNINGAR .....	6
3.2	DETALJUTFORMING AV AVFALLSLØYSINGA.....	6
3.3	KØYREVEG, TILKOMSTVEG OG UTKØYRINGSVEG FOR RENOVASJONSBIL.....	7
3.4	TILKOMSTVEG .....	7
3.5	OPPSTILLINGSPASS.....	8
3.6	UTKØYRINGSVEG FRÅ OPPSTILLINGSPASS OG UT AV BUSTADOMRÅDET.....	9

# 1 Innleiing

Denne renovasjonstekniske planen tek for seg eit nytt bustadområde som skal etablerast ved Holme på Holsnøy. Planområdet ligg sentralt på Holme i Alver kommune. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for totalt 20 nye bueiningar. I tillegg er det to eksisterande bustader innafor planområdet.

Det er planlagt avfallsløysing med avfallsdunkar for restavfall, papp/papir og matavfall. Det er planlagt å nytte 140 l avfallsdunkar. For plastavfall legg ein opp til bruk av plastsekkar. Det vert lagt opp til ein ny avfallsplass sentralt i høve til nye bustader.



Figur 1: Planområdet er vist med sort linje. Nærmaste returpunkt for glas- og metallemballasje.

## 2 Generell del

### 2.1 Hovudløysing for handtering av avfall

Val av hovudløysing for handtering av avfall tek utgangspunkt i NGIR sin renovasjonstekniske plan. Anbefaling for type innsamlingsløysing ut frå talet på bueiningar er vist i tabell 1.

Reguleringsplanen opnar for totalt 20 nye einingar. Dei nye bustadane vert fordelt på 4 felt. I tillegg regulerast to eksisterande bustader. Ved val av avfallsløysing har ein gjort ein vurdering

for kvart enkelt felt, og har basert på dette kome fram til at tradisjonelle avfallsbeholdarar er den best eigna løysinga for området. Største antal bustadeiningar innafør eit felt er 8.

**Tabell 1: Anbefalte avfallsløysingar ut frå talet på bueiningar. Tabell frå NGIR sin RTP.**

Tal på bueiningar	Innsamlingsløysing
0-10	Avfallsbeholdarar på hjul (inntil 660l) Overflatekonteinarar
10 eller fleire bueiningar	Overflatekonteinarar
20 eller fleire bueiningar	Avfallsbrunnar (Alver kommune) Overflatekonteinarar

I Alver kommune kan ein etablera fullt nedgravne avfallsbrunnar. Avfallsbrunnar tømst med kran. Alle nye utbyggingsområde innafør NGIR-kommunar med fleire enn 20 bueiningar skal vurdere nedgraven avfallsløysing. Løysinga kan veljast dersom avstandskravet frå kvar ytterdør til avfallspunktet er <125 m. Avstanden frå bueiningane bør ikkje vere lengre enn 75 meter, maksimalt 125 meter. Største avstand frå bustadane er om lag 110 meter.

Fellesløysingar med 660 l dunkar har vore vurdert, men ein har for denne planen kome fram til at eigne behaldarar per bueining er den beste løysinga. Ein ynskjer å samle oppstilling av avfallsbeholdarar ein stad, sentralt i feltet. Dette vil forenkle hentinga av avfallet for renovatøren. Terrenget i området er småkupert, og det vil vere ein fordel at behaldarane ikkje er større enn 140 l når dei skal trillast til felles oppstillingsplass. Ein har derfor valt ein løysing med eigne 140 l behaldarar per bueining, framfor fellesløysingar med 660 l dunkar.

Normal løysing med kjeldesortering per bustader er:

**Restavfall 140 litars dunk**

**Papir/papp/kartong 140 litars dunk**

**Bioavfall 140 litars dunk**

**Sekkar til plast og tekstil**


**For glas- og metallemballasje er det eigne returpunkt som er utplassert**

**Anna avfall skal leverast på nærmaste gjenvinningsstasjon**

## 2.2 Plandokumentasjon/reguleringsplan

Reguleringsplanen for Holme bustadområde er under arbeid, og denne renovasjonstekniske planen er utarbeidd i samband med 2. gongs handsaming av planen.

Det er sett av eit eige areal til oppstillingsplass for avfallsbeholdarar i plankartet, kalla f\_BKT. Oppstillingsplassen er lokalisert sentralt i planområdet. Største gangavstand frå bustader til oppstillingsplassen er om lag 110 meter.



Figur 2: Utklipp av plankart. Oppstillingsplass for avfallsbeholdarar er regulert som øvrig kommunalteknisk anlegg, kalla f\_BKT.

Reguleringsplanens føresegn sett også følgande krav knytt til renovasjon:

### § 3.6 Renovasjon (§ 12-7 nr. 4)

Avfallshandtering skal skje i samsvar med godkjent renovasjonsteknisk plan (RTP). RTP for planområdet skal godkjennast av NGIR. Planen skal visa arealstorleik og krav til tilkomst og utforming av hentestad. RTP kan justerast i byggesak.

#### § 4.1.3 Øvrig kommunalteknisk anlegg (BKT) (§ 12-7 nr. 4 og 7)

- Areala skal nyttast til avfallshandtering.
- Renovasjonsanlegget skal planeras, asfalteras, og opparbeidast slik at renovasjonskjøretøy har lett tilkomst og snumogleigheit til område.
- Renovasjonsløysinga skal utformast i samsvar med Byggteknisk forskrift (TEK17) § 12-12 (2) og krava til universell utforming.

#### § 6.2 Før løyve til igangsetting av byggearbeid (IG) (pbl § 12-7 nr.10)

- Det kan ikkje setjast i gang byggjetiltak innanfor regulert område før hovudplan for teknisk infrastruktur er omsøkt og godkjent av kommunen.

## 3 Teknisk del

Dette kapittelet tek for seg det tekniske aspektet for renovasjon for Holme bustadområde. For handtering av restavfall, papp/papir og matavfall skal leggest til rette for bruk av tradisjonelle avfallsbeholdarar på 140 liter. Plastemballasje og eventuell tekstil skal leverast i sekkar. For



kjeldesortering av glas- og metallemballasje skal nærmaste returpunkt (ved fv564, sjå figur 1) nyttast.

### 3.1 Dimensjonerings- og kapasitetsberekningar

Reguleringsplanen opnar for totalt 20 nye einingar. Berekningar for avfallskapasitet tek utgangspunkt i dei 20 nye einingane.

I tillegg er det ein eksisterande bustad innafor planområdet. Det er naturleg av eksisterande bustader koplast opp mot same oppstillingsplass som nye bustader. Ved planlegging av felles oppstillingsplass for avfallsdunkar skal minimum 2 dunkar per husholdning leggest til grunn. Oppstillingsplassen må derfor vere stor nok til oppstilling av totalt 44 avfallsbeholdarar.

Ved berekning av avfallsmengder frå bustader skal det takast utgangspunkt i tala frå tabell 2, som er henta frå NGIR sin RTP.

**Tabell 2: Dimensjonering av avfallsmengder per buening. Tabellen er henta frå NGIR sin RTP.**

Avfallstype	Mengde pr. veke målt i liter
Papir/papp og restavfall inkludert plastemballasje	70 x talet på bueningar
Matavfall	140 x talet på bueningar

#### **Restavfall:**

Restavfall vert tømt kvar 14. dag. 70 liter restavfall per veke svarar til 140 liter per tømmedag. Ein legg opp til ein 140-litars dunk per bustad, totalt 20 nye, og 22 dersom eksisterande bustader vert inkludert i berekninga.

Prosjektet krev 20 stykk nye 140 liters dunkar til restavfall.

#### **Papp/papir:**

Papp/papir vert tømt kvar 14. dag. 70 liter papp/papir per veke svarar til 140 liter per tømmedag. Ein legg opp til ein 140-litars dunk per bustad, totalt 20 nye, og 22 dersom eksisterande bustader vert inkludert i berekninga.

Prosjektet krev 20 stykk nye 140 liters dunkar til papp/papir.

#### **Matavfall:**

Matavfall vert tømt kvar veke.

NGIR leverer ikkje biodunkar i større format enn 140l. Kvar eining skal ha eit volum på 140 l for kvar fraksjon. Det vert derfor lagt opp til at kvar enkelt husholdning har ein eige avfallsdunk på 140 l for matavfall. Totalt vert det 20 nye 140-litars avfallsdunkar for nye bustader, 22 dersom eksisterande bustader vert inkludert i berekninga.

Prosjektet krev 20 stykk nye 140 liters dunkar til matavfall.

### **Plastemballasje og tekstil:**

For plastemballasje er det planlagt å nytte plastsekkar. Tekstil kan leverast i plastsekkar ved behov.

### **Glas- og metallemballasje:**

Ifølgje NGIR sin RTP skal det i alle områder der det skal etablerast ei ny renovasjonsløyising setjast av plass til einingar for glas- og metallemballasje. Maksimal avstand frå ytterdør til returpunktet er 300 meter.

Planområdet ligg om lag 450 meter unna returpunkt for glas- og metallemballasje (sjå figur 1 for lokalisering). Det er mogleg å sette opp ein avfallsdunk (f.eks. ein 660-liters dunk) som kan stå fast på oppstillingsplassen. Ein ser likevel at stigningsforhold ved oppstillingsplassen (om lag 3-5%) vil gjere det vanskeleg å handtere ein stor konteinær med tungt avfall. Ein rår derfor til at nye bustader nyttar eksisterande returpunkt sør for fylkesveg 564 for handtering av glas- og metallavfall. Basert på omfanget av utbygginga ser ein heller ikkje behov for å etablere noko nytt returpunkt for glas- og metallemballasje.

#### ***3.2 Detaljutforming av avfallsløyisinga***


Avfallsbeholdarar skal oppbevarast ved bustadane og trillast til felles oppstillingsplass på hentedagen. Oppstillingsplassen er regulert som f\_BKT i plankartet, og er også vist i illustrasjonsplanen. Det er ved henteplassen lagt til rette for inntil 44 stk. 140 liters dunkar.

#### ***3.3 Køyreveg, tilkomstveg og utkøyingsveg for renovasjonsbil***

Tilkomst til planområdet er via fylkesveg 5314. Tilkomst til hentestaden vert via felles privat veg som regulerast som f\_SKV2 og vidare via privat felles veg f\_SV3. Hentestaden er lokalisert sentralt i bustadfeltet, like ved vegen f\_SV3. Utkøyring vert via same veg, og det må derfor etablerast snumoglegheiter ved hentestaden.

#### ***3.4 Tilkomstveg***

Tilkomstvegen tilfredsstillar krava til lastebil (L), jf. Statens vegvesen si handbok. Største stigning langs tilkomstvegen er 10 %. Oppstillingsplassen er lokalisert sentralt i høve til både veg og bustader i området. Tekniske teikningar for tilkomstvegar følgjer som vedlegg.




Figur 3: Utklipp frå plan- og profildekning for f\_SKV2.

### 3.5 Oppstillingsplass

Oppstillingsplassen for renovasjonsbilen vil vere i vegen f\_SV3, like ved oppstillingsplassen for avfallsbeholdarar (f\_BKT). Oppstillingsplassen for avfallsbeholdarar har eit areal på om lag 50 m<sup>2</sup>, og er dimensjonert slik at alle hushald skal kunne sette ut 2 avfallsdunkar kvar, totalt 44 stk. 140 liters dunkar.





### 3.6 Utkøyringsveg frå oppstillingsplass og ut av bustadområdet

Utkøyring frå hentepunktet vert via same veg som tilkomsten. Renovasjonsbil vil kunne nytte parkeringsplass (f\_SPA3) til å snu. Sporingsskisse viser at renovasjonsbil har tilfredsstillande snumoglegheiter i området. Renovasjonsbil på 11 meter er lagt til grunn i skissa.



Figur 4: Utklipp frå skisse med sporingsskurve. Teikningen følgjer også som vedlegg.

## 4 Vedlegg

Vedlegg 1: Plankart. Datert 03.07.2023

Vedlegg 2: Illustrasjonsplan. Revisjon/dato: B/07.11.2023

Vedlegg 3: Sporingskurve for tømmebil (11m). Datert: 24.04.2023

Vedlegg 5: Plan- og profiltegning, Veg f\_SKV2. Revisjon/dato: B/03.07.2023

Vedlegg 5: Plan- og profiltegning, Veg f\_SV1, f\_SV2 og f\_SV3. Revisjon/dato: B/03.07.2023